

---

Saknr: 2020/43959-2  
Saksbehandlar: Siri Hanson

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		16.04.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.04.2020
Fylkesutvalet		30.04.2020

### Søknad til Vestland Fylkeskommune om bidrag til Forstudien for det nye Akvariet i Bergen

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommunen gir avslag på søknad om kr 5 mill i støtte til forstudiet for det nye Akvariet i Bergen. Grunngevinga er at det ikkje er rom innafor ramma avsett i budsjettet for 2020.

### Samandrag

Planlegginga av det nye Akvariet i Bergen er nå kome til forstudien som inneheld arbeid med strategisk konsept, akvariebiologisk og akvarieteknisk innhald og som til saman utgjer forutsetninga for arkitektkonkurranse og mellom anna oppfølging av Statsbygg sin regulering. Forstudiefasen vil legge grunnlag for dei neste fasane i prosjektet. Forstudien har ein kostnad på kr 30 mill og Akvariet har søkt Vestland fylkeskommune om kr 5 mill til gjennomføring.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Bygningane til Akvariet i Bergen er over 60 år gamle og moglegheiter for å vidareføre bygningsmassa slik den står fram i dag er vurdert å vere dårlege. Det har vore jobba strukturert og målretta for å sikre at Akvariet får ein viktig posisjon i Havbyen Bergen også i framtida.

Ein moglegheitsstudie, som tidlegare er støtta med kr 450 000,- av fylkeskommunen, vart gjennomført frå mars til mai 2019. Denne peiker på Dokken, samlokalisert med Fiskeridirektoratet og Havforsknings-instituttet som prioritert lokalisering. Det er no brei semje, både politisk og i næringsliv og akademia, om lokalisering på Dokken.

Statsbygg tek på seg ansvaret for å gjennomføre reguleringsplan på vegne av Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet; Akvariet er inkludert. For å sikre realiseringa av det nye Akvariet i Bergen vert det langt opp til samarbeid mellom det offentlege og det private i eit økonomisk spleiselag.

Prosjektet er nå kome til forstudien som inkluderer arbeid med strategisk konsept, akvariebiologisk og akvarieteknisk innhald som til saman utgjer forutsetning for en arkitektkonkurranse og forprosjekt og vidare oppfølging av Statsbygg sin regulering. Det skal også etablerast prosjekt med eigne budsjett, kontrakt førebuing, entreprise-modell og planar og gjennomføring av ein internasjonal arkitektkonkurranse. Forstudiefasen er viktig for å legge grunnlag for dei neste fasane i prosjektet.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gjer vedtak i budsjettsaker

### Vurderingar og verknader

Ny lokalisering av Akvariet er viktig nasjonalt, for Vestland og for Bergen. Ny lokalisering vil sikre at Akvariet vert utvikla framtidiretta for å kunne møte behov i akademia, næringslivet og samfunnet. Det vil og vere ein styrke for det marine miljøet i Bergen og Marineholmen. Samlokalisering med Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet vil etter vår vurdering gje gode høve til dette. Ei god planlegging er eit naudsynt steg for å nå måla som Akvariet har sett seg.

### Økonomi:

Søkar opplyser at det forventa kapitalbehovet til forstudie fasen er kr 30 millionar. Halvparten av behovet er tenkt henta frå private bidragsytarar, og halvparten frå det offentlege. Sparebanken Vest, SR Bank og OBOS har bidratt med 10 millionar, og det er fleire private aktørar som har gitt positive signal. Bergen kommune førebur sak til Bystyret i april om eit tilskot på kr 5 millionar. Det er forventa tilsvarande sum over revidert nasjonalbudsjett og Akvariet jobbar opp mot nasjonale mynde her.

Vestland Fylkeskommune vert bedt om å bidra med kr 5 mill i forstudien.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

### Konklusjon

Rådmannen meiner prosjektet er viktig og positivt og ga økonomisk støtte på kr 450 000,- til gjennomføringa av moglegheitsstudie over Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i 2019.

Det er ikkje rom innafor budsjettet i 2020 i Vestland fylkeskommunen til å gje økonomisk støtte på kr 5 mill til forstudien slik det vert søkt om.